



Audun Ljosnes har bygd seks spruteriggjar. No byggjer han den største i sitt slag i Europa.

**Audun Ljosnes kjem frå Kvednavikjo i Uskedalen. No bur han i Sørvågen i Moskenes ( Lofoten ) og driv med beongsprøyting. Ikkje nok me det. Han har konstruert og fått laga sin eigen bil for sprøyting av betong i tunnelar. Han har hatt oppdraget med sprøyting av mange tunnelar i heile landet, mellom anna i Stryn og på Saltfjellet.**

Eit tips med tilvising til ein større artikkel om Audun i fagbladet Anlegg og transport i august 2019 sette oss på sporet. Innlegg om utflytte uskdelingar som gjer det godt i sin bransje, er prima stoff.

Audun Ljosnes er 62 år og har heile sitt yrkesaktive liv drive med betongpumpebil.

Alt i 1982 jobba Audun Ljosnes med betongsprøyting. Berre tre år seinare i 1985 starta han eige firma med eigne bilar. Den gongen var det handsprøyting. På slutten av 1990 talet bygde han sine eigne spruteriggjar, tilsaman 6 stk. i tida fram til i dag. Nett no byggjer Ljosnes den største og mest avanserte sprutebilen i europeisk samanheng. Firma hans har namnet Ljosnes Betongsprøyting.



Bilete syner Audun Ljosnes sin bil i arbeid i ein tunnel.

Audun Ljosnes er sjølvlært. Etter grunnskulen var det ut i arbeid. Han var arveleg belasta med sterke interesser for bil og motor. Far hans og onklane var alle dyktige i sitt fag. No bur han i Lofoten, har eigen verkstad og gjer alt sjølv med teikning, konstruksjon og design. Han kjøper litt tenester med innfesting. Sambuaren hans og eit rekneskapskontor står for alt det formelle med søknader, godkjenningar og det økonomiske. Sjølv likar han seg best i bilen på oppdag på store vegprosjekt og tunnelar landet rundt.

Han har skapt seg ei nisje som småaktør i bransjen i over 20 år. Konkurrentane hans, Veidekke og Skanska, er store.

Mange har merka seg at Audun Ljosnes brukar snutebil i sitt daglege arbeid. Audun fortel til Uskedalen.no at han likar best snutebil. Slik har det alltid vore. Motoren er ein Volvo 420 HK. Bak er det montert ein kompressor på 14 kubikk. For å drifta sjølv betongsprutinga trengst det 100 Newton. Prisen på tilsvarande bil frå produsent i Flekkefjord ligg på 10 millionar kroner. Sjølv konstruerer og byggjer han bilen og utstyret langt rimlegare.

Uskedalen.no takkar for ein gild samtale med Audun frå Kvednavikjo, no Moskenes i Lofoten, på farten i Noregs land med sin eigen heimelaga betongsprutebil.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Privat/ faksimile frå magasinet Anlegg og transport.